

**SOS4011**  
**Teorifordypning i sosiologi**

**HAUST 2010**

**10 STUDIEPOENG**

**HEIMEEKSAMEN**

Oppgåva blir delt ut fredag 26. november kl. 09.00. Oppgåva leverast inn fredag 3. desember mellom kl. 11.00 og 14.00 til instituttet sin representant i skranken til venstre for SV-Infosenter, 1. etg i Eilert Sundts hus.

Sensur fell etter munnlege eksamenar i veke 50 og 51, 2010.

Oppgåva består av **7 sider** og inkluderer framside, oppgåvetekst, retningslinjer og obligatorisk erklæring.

Du skal levere 2 eksemplar av oppgåvesvaret og den obligatoriske erklæringa.

**LUKKE TIL!**

## **Seminar 1: Organisasjonar; handlingsføresetnader, leiing og strategi**

Vel ein av følgjande to oppgåver:

### **Anten**

Leiing og leiaroppgåver. Korleis varierer dei med organisasjonstypar og organisasjonane sine omgivnader?

### **Eller**

Diskuter relevansen av transaksjonskostnader for design og endring av organisasjonar.

## **Seminar 2: Teoretiske perspektiv i kulturstudiar**

**Vel ein av følgjande to oppgåver:**

### **Anten**

Diskuter tydinga av distinksjonsprosessar i dagens norske samfunn. Kva slags distinksjon er viktigast og korleis er den relatert til sosial ulikskap/klasse? Plasser ein eller fleire grupper i Noreg i forhold til Frankrike eller USA eller begge.

### **Eller**

Kva er ein kollektiv identitet? Drøft ulike faglege oppfatningar av korleis kollektive identitetar blir skapte og haldt oppe. Vis med utgangspunkt i konkrete samfunnsfenomen korleis kultur kjem inn i biletet, og drøft korleis kultur kan forståast i ein slik samanheng.

## **Seminar 3: Bourdieu, Foucault, Habermas, Rawls og kjønn**

Vel ein av følgjande to oppgåver:

### **Anten**

“Velferdsstaten bidreg til kvinnefrigjering”. Drøft påstanden.

### **Eller**

“Moderne samfunn er prega av menn si undertrykking av kvinner”. Drøft påstanden

## **Seminar 4: Klasse og ulikskap – sentrale debattar**

**Vel ein av følgjande to oppgåver:**

### **Anten**

Gjer greie for ulike sosiologiske klasseomgrep, for eksempel hos Scott, Bourdieu og Edwards. Samanlikn oppfatningane og drøft om dei er motstridande eller utfyllande.

### **Eller**

Gjer greie for meritokratiomgrepet og drøft nokre av argumenta i diskusjonen om dagens vestlege samfunn er meritokratiske.

**Retningslinjer / praktisk informasjon om heimeeksamen:**

- \* Oppgåva skal ha eit omfang på maksimalt 4000 ord (ca. 10 sider). Framside, samandrag, litteraturtilvisingar og eventuelle vedlegg skal ikkje reknast med.
- \* Bruk 12 punktts skriftstorleik og linjeavstand 1 1/2.
- \* Det skal vere eit samandrag på ca. 10 linjer først i oppgåva. Samandraget skal setjast inn på ei eiga side mellom framsida og sjølve eksamenssvaret.
- \* Set inn sidetal i oppgåva.
- \* Referanselista skal avsluttast med setninga "Alle kjelder som er brukte i denne oppgåva, er oppgitt".
- \* Retningslinjer for referansebruk finn du i *Litt om skriving av oppgaver*: <http://www.iss.uio.no/studier/sos/studiekons/littomskrivning.html>
- \* På framsida av oppgåva skal denne informasjonen stå:
  1. Tittel på oppgåva
  2. Namn på emne og ansvarleg
  3. Innleveringsdato og stad (Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi)
  4. Kandidatnummer (kan hentast på Studentweb)
  6. Tal på ord i oppgåva (framside, samandrag, litteraturtilvisingar og eventuelle vedlegg skal ikkje reknast med)

**LUKKE TIL!**

**OBLIGATORISK ERKLÆRING**

Eg erklærer med dette at eksamensoppgåva eg har levert til emnet \_\_\_\_\_ ved Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi, Universitetet i Oslo,

1. ikkje heilt eller delvis skal leverast eller er levert til noko anna kurs eller emne dette semesteret eller noko tidlegare semester,
2. ikkje heilt eller delvis er levert til nokon annan eksamen ved noko(n) anna(n) institutt/universitet/høgskule innanlands eller utanlands,
3. ikkje byggjer på andres arbeid utan at kjelda er oppgitt,
4. ikkje byggjer på eige tidlegare arbeid som tidlegare er trykt, utan at det er oppgitt,
5. har med alle referansar undervegs i teksten og i referanselista/litteraturlista,
6. ikkje inneheld avsnitt eller setningar frå andres arbeid utan at dei er merkte med hermeteikn og sidetilvising, og heller ikkje inneheld delvis omskrivne avsnitt eller setningar frå andres arbeid.

Eg er kjend med at brot på ei eller fleire av desse føresegnene må reknast som dårleg tilvisingsskikk, plagiat eller uheiderleg framferd. Det kan i verste fall sjåast på som fusk og føre til annullering av eksamen og eventuelt utestenging i kortare eller lengre tid.

Eg har òg gjort meg kjend med innhaldet i lenkja "Litt om skriving av oppgaver":  
<http://www.iss.uio.no/studier/sos/studiekons/littomskrivning.html>

Dette innleverte svaret kan brukast til undervisningsformål i anonymisert form

(set kryss): JA  
NEI

Stad og dato \_\_\_\_\_

Namn \_\_\_\_\_

Kandidatnummer \_\_\_\_\_

Underskrift \_\_\_\_\_